

# PROTOKOLL

## FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE BERGEN HF

Fredag 22. desember 2006 kl. 12.45 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Bergen HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Avhending av fast eigedom

Frå Helse Vest RHF møtte: Oddvard Nilsen, styreleiar

Frå styret møtte: Ranveig Frøiland, styreleiar

Frå administrasjonen møtte: Kst. administrerande direktør Anne Sissel Faugstad

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF  
Helge Bryne, viseadministrerande direktør Helse Vest RHF  
Ivar Eriksen, seniorrådgivar Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

## **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Oddvard Nilsen, med fullmakt til å utøve eigarmyndighet på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Ranveig Frøiland og Oddvard Nilsen blei valt til å underskrive protokollen, og Oddvard Nilsen overlet møteleiinga til Ranveig Frøiland.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

## **Sak 2 Godkjenning av dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsordenen er godkjend.

## **Sak 3 Avhending av fast eideom**


Saka har vore behandla av styret i Helse Bergen HF og styret i Helse Vest RHF som begge har gitt sin tilslutning til sal. Føretaksmøtet i Helse Vest RHF har den 22. desember 2006 behandla saka og gitt sitt samtykke til sal.

Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Bergen HF sørger for at pasientbehandlinga som i dag skjer i bygningane tilhøyrande dei aktuelle eideomane, ikkje blir negativt påverka av salet. Føretaksmøtet legg vidare til grunn at salet vert gjennomført på den måten som gir størst avkastning, og at dei frigjorte midlane vert nytta til investeringar i varige verdiar tilsvarannde fast eideom.

Føretaksmøtet vedtok:

1. Føretaksmøtet gir sin tilslutning til sal av eideomane C. Sundtsgate 57 og Olav Bjordalsvei 8 og 29 i Bergen kommune i tråd med vedtak i styret i Helse Bergen HF i styremøte 31. august 2006, sak 55/06 B.
2. Helse Bergen HF skal sørge for at pasientbehandlinga som i dag skjer i desse byggja, ikkje vert negativt påverka av salet.
3. Salet skal gjennomførast på den måten som gir størst avkasting. Dei frigjorte midlane skal nyttast til investeringar i varige verdiar svarande til fast eideom.

\_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_  
  
Ranveig Frøiland

  
den 22.12.06  
Oddvard Nilsen